

Til dei vidaregåande skulane

Dato: 06.07.2017  
Vår ref.: 2016/9170-33  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## Inntaket til dei vidaregåande skulane, skuleåret 2017/2018.

### 1. inntaksomgang

1. Inntaksomgang er no ferdig. Inntaks- og ventelister finn de på: <https://www.vigo.no/vigor/servlet/main>. Det blir berre sendt ut papirlister dersom skulane ber særskilt om dette.

Kontaktperson: Elin Wikan; telefon 55 23 92 43 (fram til 21.07) eller Nils Skavhellen; telefon 55 23 92 40

Vi ber elles skulane merke seg følgjande punkt:

- **Dersom skulane ser feil i talet på plassar, må dette meldast til inntaksleiar snarast.**
- Svak «overbooking» av plassar kan ha blitt nytta i einskilde høve
- Eventuelle justeringar i talet på elevplassar må, for å bli aktivisert til 2. inntaksomgang, må sendast inntaksleiar seinast onsdag 26. juli.
- Melding til søkjarane om at dei kan finne inntaksresultatet på vigo.no blir sendt på sms fredag 7. juli
- Neste inntaksomgang skal etter planen vere ferdig 28. juli. Sjå elles «Inntakskalender» i Søkjarhandboka 2017, eller på hordaland.no
- Tidspunkt for skulestart blir opplyst på vigo.no - så sant skulane har meldt dette inn til Inntakskontoret. Vi rår også til at tidspunkt for skulestart blir lagt ut på nettsidene til skulane så snart som mogleg. Dette kan spare skulane for mange telefonar.
- Ventelistene er sorterte slik at alle med Ungdomsrett er nummererte framfor andre søkjargrupper. Deretter kjem Vaksenrett/Fullføringsrett, og til slutt Ikkje rett
- **OBS:** Inntaks- og ventelistene er konfidensielle. Listene skal ikkje leverast ut til andre skular, institusjonar eller til private/offentlege verksemder. Vi har dei siste par åra fått førespurnader frå bedrifter som ber om elevlister for å sende «gode tilbod» til elevane, men dette vil vere ulovleg og elles i strid med alle retningslinjer. Eventuelle førespurnader om einskild-søkjarar frå politi, barnevern osv. skal fram til skulestart visast til inntaksleiar.
- Kontroller at elevar som har fått innvilga kurs over to år, eller som har hatt permisjon skuleåret 2017/2018 står på inntakslista. Avvik må meldast snarast til inntaksleiar

- Ver OBS på at Hordaland kan ha seld elevplassar til andre fylke. Namna på desse elevane vil bli sendt skulane frå det einskilde fylket, eller via Inntakskontoret i Hordaland. Det er Inntakskontora i dei aktuelle fylka som tek inn desse elevane, og talet på elevplassar til dei aktuelle kursa på Hordaland sine inntakslistar er tilsvarende redusert. Tal plassar som er selde går fram nederst på inntakslista under rubrikken «Solgt».
- Vi må framleis minne om at søkjartal som blir opplyst til pressa skal vere talet på primærsøkjartal frå eige fylke – ikkje talet på namn på listene. Dette talet finn ein ved å summere primærsøkjartal på inntaks- og ventelista på det einskilde kurs.
- I siste halvdel av juli vil skulane få tilsendt i rekommandert sending eventuelle vedleggsskjema på søkjarar som ved 1. inntakssomgang er tatt inn på sitt primærønskje. Dette gjeld søkjarar som er tatt inn etter skjønnsmessig vurdering, minoritetsspråklege søkjarar, eller søkjarar med informasjonsskjema (tidl. meldeskjema).
- Søkjarar frå Hordaland som er tatt inn etter ordinært inntak har ein poengsum som startar med 200 fylkespoeng, i tillegg kjem karakterpoengsummen t.d. 40 poeng som totalt gir 240 poeng. Søkjarar frå andre fylke får berre karakterpoengsum, ikkje fylkespoeng. Unntak: Søkjarar med gjesteelevgaranti frå heimfylket, og inntaket til landslinjer.
- Søkjarar med poengsum som startar på 300 er tatt inn etter skjønnsmessig vurdering. Det same gjeld for søkjarar til Studieførebuande utdanningsprogram, Vg2/Vg3, som har prioritet for inntak til same skule der dei gjekk Vg1/Vg2
- Utvekslingsselevar frå Vg2 har 2. prioritet for inntak til Vg3 ved same skule der dei gjekk Vg1. 1.prioritet har elevane frå Vg2 ved same skule. I Bergensområdet er det i år ikkje uvanleg at utvekslingsselevar ikkje får plass ved den skulen dei gjekk Vg1. I slike høve skal ein, etter den lokale inntaksforskrifta, bruke karakterpoengsummen frå Vg1 + tilleggspoeng for å sikre desse elevane plass framfor søkjarar frå Vg2 som berre vil bytte skule
- Søkjarar med meir enn 900 poeng er som hovudregel søkjarar som har hatt permisjon eller som har fått godkjent to-årig løp.

Vi minner om at interne telefonnummer til dei tilsette ved Inntakskontoret ikkje skal opplyst til andre. Søkjarar/foreldre osv. må bruke Inntakskontoret sitt ordinære nummer 55 23 94 60. Opningstida i sommar på denne telefonen er frå kl. 08.00 til 11.30 og frå 12.30 til 14.30 (måndag-fredag)

Elles vil Nils Skavhellen vere på jobb i heile sommar. Elin Wikan har ferie i vekene 30,31 og 32

Vi ønskjer alle ein god sommar.

Med helsing

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

